



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Fylkeshuset, Leikanger
Møtedato	15.11.2018
Kl.	10:00 – 14.00

Faste medlemmer til stades: Odd Atle Stegegjerdet, Magnus Strand,
Anita Æsøy,

Forfall til møtet: Bente Underthun og Erlend Haugen Herstad

Varamedlemmer til stades: Gunn Karin Sande

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteprotokoll frå 6. september 2018 vart underskriven.

Informasjon frå Dagfinn Henjum Sværen, opplæringsavdelinga, om lære kandidatordninga, der han orienterte om ulike ordningar ved opplæring i bedrift; lærlingordninga, praksiskandidatordninga (dokumentasjonsordning), praksisbrevordning og fagbrev på jobb.

Fylgjande skriv og meldingar vart lagt fram i møte:

Meldesak 1) Oppsummering frå landskonferansen 13. – 14. september 2018

Magnus og Odd Atle som møtte på landskonferansen i september, informerer kort om dei ulike programpostane frå landskonferansen, og viktige ting å ta med seg i det vidare arbeidet.

Oppsummert var det ein lærerik konferanse. Det kunne ha vore sett av tid til gruppearbeid og diskusjon på konferansen.

Meldesak 2) Orientering frå representantane frå FFO og SAFO

Det er starta diskusjon med korleis FFO vil organisere seg på Vestlandet, med hovudkontor i Bergen og merkantil teneste i Førde. FFI-sentera vil bestå. Fylkesrådet registrer ei viss uro kring omorganiseringa frå undergruppene i FFO.

Meldesak 3) Ymse

- Universell utforming er mykje meir enn berre den synlege utforminga. Det er ynskje frå fylkesrådet om å få informasjon frå bygge- og eigedomstenesta neste møte om korleis det vert jobba med universell utforming i planlagde fylkeskommunale bygg. Aktuelt som tema på neste møte

SAK 13/18 Møtedatoar 2019 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Det låg føre slik tilråding til vedtak:

Møteplan for 2019 vert vedteken slik den ligg føre:

13. februar
14. juni
18. september
13. november

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Møteplan for 2019 vert vedteken slik den ligg føre:

13. februar
14. juni
18. september
13. november

SAK 14/18 Skriv og melding - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - møte 15. november 2018

Det låg føre slik tilråding til vedtak:

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande

2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart
einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak
